

ÅRSMELDING GEOFORUM HORDALAND 2022

1. Styret

Styret har i perioden 2021-2022 vore samansett av:

Leiar Vegard Eriksen – Multiconsult AS

Nestleiar Gro Helland – Statens vegvesen

Styremedlem May-Linn Engelsen Dalhaug – Bjørnafjorden kommune

Kasserar Haso Bradaric – Kartverket Bergen

Styremedlem Artur Ribeiro – Nordconsult AS

Varamedlem Gidske Anderson – Universitetet i Bergen

Varamedlem Stine Frisnes – Bergen kommune

Styremedlem(student) Mathias Thorp – Universitetet i Bergen

Valkomite Ingunn Maria Thorbergdottir – Norconsult AS

Valkomite Knut Hellevik – Samnanger kommune

Revisor Agnethe Veivåg – Austevoll Kart AS

Revisor Yngve Sagvaag Lunde – Stord kommune

Styret hadde konstituerande møte 19.08.2021 på teams og har hatt 6 andre møte ut over dette. Perioden har vore prega av pandemien med fleire nedstengingar. Men vi har etter beste evne gjort det beste ut av situasjonen og vore heldig med tidspunkt for gjennomføring av arrangement. I tillegg til dette har det elles vore ein god del kontakt via e-post og telefon.

2. Økonomi

Lokalavdelinga sin økonomi går fram av årsmelding frå kasserar. Vi fekk inn deltakeravgift for Egedomskonferansen 2019 inn på konto i 2020 (utgiftene ble betalt i 2019) og balanserte inntekter og utgifter til Lokale geomatikkdager arr. jan 2020 godt. I tillegg har vi fått tilskudd frå KMD til fagseminar i samarbeid med kartverket på DOK data. I sum gjer dette at vi har meir pengar på bok. Det er ikkje er noko mål å tena pengar på arrangement. Styret ser ingen

grunn for å gå inn for lokal medlemskontingent. I året som kjem vil vi prioritera tiltak som gjer det meir attraktivt å vera medlem.

3. Medlemmer

Lokalavdelinga hadde i mai 2022 fylgjande medlemmer (utvikling frå 2021 i parentes):

Type medlem	Antall	Endring
Medlem:	119	(-3)
Pensjoistmedlem:	7	(+1)
Studentmedlem:	20	(-4)
Æresmedlem:	0	(-1)
Bedriftsmedlem:	17	(+1)
Totalt:	163	(-6)

Talet på medlemer auka i 2019 med 19, i 2020 har vi mista 42 og ytterlegar har vi mista 6 i 2021. Studentmedlemmer er dei vi har mista flest av, og det er vel naturleg etter den turbulente perioden vi har vore gjennom.

Vi bør prøve å snu den nedadgående trenden. Spesielt ser vi potensial inn mot å auke studentmedlemsmassen på HVL.

4. Møte og kursverksemd

- Egedomskonferansen 2021, 118 deltakarar.
- GIS-dagen, 103 deltakarar
- Lokale geomatikkdager på Ørnen, 60 deltakarar dag 1, 52 deltagere dag 2. 7 utstillere begge dager. 36 til middag.

5. Evaluering av våre årlege arrangement

Spesielt år med fleire nedstengingar, men vi var heldige med arrangementa våre og fekk gjennomført dei nærmast på normal måte.

Gode tilbakemeldingar på arrangementa. I evalueringane får arrangør skryt for gjennomføring i vanskelege tider og for godt fagleg innhald. På lokale geomatikkdager hadde vi nokre digitale innlegg og det var enkelte som reagerte på det. I tillegg meiner enkelte at programmet var noko mykje spissa mot private verksemd.

6. Representasjon

Representantskapsmøtet 14. april 2021. Gro Helland og Vegard Eriksen ga fullmakt til Gidske Andersen som deltok fysisk med alle 3 stemmene til geoforum Hordaland

Lokalavdelingsleiarane i GeoForum hadde i 2021-2022 også regelmessige digitale møter saman med sekretariatet for erfaring- og informasjonsutveksling. Gro Helland har fungert som stedfortreder for styreleiar i desse møtene ved anledning.

7. Diverse

Styret i lokalavdelinga takkar for bidrag frå foredragshaldarar, komitémedlemer og møteleiarar ved våre arrangement. Lokalforeininga takkar også våre faste samarbeidspartnarar, Statens Kartverk Bergen, Jordskifterettane i Hordaland, Høgskolen på vestlandet og Universitetet i Bergen for samarbeidet også i år. Takk også til alle som deltok og bidrog på våre arrangement i løpet av året.

04.05.2022

Vegard Eriksen
styret